

# Hisdal i Galleri G Guddal

Trude Hisdal, Rosendal, opnar maleriutstilling i Galleri G Guddal fredag 28. november.

Hisdal flytta frå Bergen til Rosendal i 2010 og galleristen har venta veldig på denne utstillinga!

I galleriet sine nye lokale i Guddal viser Hisdal figurative maleri i store format.

Ho blandar det mytiske og det draumeaktige med konkrete kvardagselement, som realisme og poesi. Ho ynskjer å skapa maleri som er vakre, men samtidig gåtefulle og med undertonar.

Bilda kretsar kring ulike former for overgangar: frå natt til dag; frå barn til vaksen; frå liv til død; skifte frå ein tilstand til ein annan.

Tematisk er Hisdal og opp-teken av barn sine magiske opplevingar av det verkelege, der kommunikasjon med alt levande har sentral plass, og kor ein som vaksen søkjer å gjenoppretta denne kontakten.

Den mektige naturen i Rosen-



**UTSTILLING:** Denne gongen er det klart for ein lokal kunstnar hos Galleri G Guddal.

dal og stemningane i baroniet sin hage er og med på å prega malerta hennar.

Hisdal har si kunstutdanning frå Statens høyskole for kunsthåndverk og design, Bergen,

Kunstakademiet i Trondheim, Vestlandets kunstakademi i Bergen, Norroff institutt i Bergen og Senter for kreativt uttrykk i Bergen.

Rose Hisdal Kjerstad og Kjell Skarsfjord – cello, Bjarne Øymyr - piano, Egil Kjerstad – gitar, spelar under opninga.

*Presseinfo*